

Spelte på lokalhistoria



– Vi er sildagutar, seier Henrik Oksholen (t.v.) og Adrian Gjerde Domstein, som var Måløy Musikklag sine «maskotar» under Stormfestivalen. Dei var blant 13 korps og eitt kor som fylte Måløy med fargar, artige kostyme og ikkje minst musikk laurdag. Side 14 og 15

(Foto: Janne Weltzien Listhaug)

Bydde opp til dans Side 12 og 13



LANGÅPENT

Onsdag 12.6. 10 - 20 Tilbudene gjelder KUN onsdag



Alt i butikken
-25%

Gjelder ikke tilbudsvarer



Alle hagemøbler **-15%**
Alle varer i interiør-
avdelingen **-25%**

Gjelder ikke tilbudsvarer



Alle klær **-30%**
All kosmetikk **-20%**

Gjelder ikke i kombinasjon med andre tilbud

MÅLØY STORMARKED, DEKNEPOLLEN - GRATIS PARKERING

KUTTET
9.50 PR. KG
VANMELON
9,50 pr. kg

64.25 PR. PK
ØRRETFILET NATURELL
Fersk
Godehav, 4x125 g, 128,50 pr. kg

3 FOR 2
SANDWICH/BÅT-IS/ SNICKERS 6 PK/ HELLO KITTY 15 PK
Diplom-is, 1/3 trekkes fra i kassen

79.00 PR. PK
PEPSI MAX 1,5L 6-PK
Ringnes, 6 x 1,5 l, eks. pant, 8,78 pr. l



Det er **sluttsummen** på kassalappen som teller!

REMA 1000

Gjelder Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal uke 24 - Kun til private husholdninger. Vi tar forbehold om eventuelle trykkfeil og at noen varer kan være utsolgt.



Publikum: Carolyn Olsen (t.v.) frå Almenningen hadde besøk av Jane Johnstone frå England og tok ho med på Stormfestivalen.



Bønder: – Det er imponerende det dei får til, seier nestleiar Jan Ole Eikås (t.v.) i Kjølsdalen Musikklag som var på festivalen for første gong. Her i lag med Tanja Hatten, Kari Håøy, Bård Stian Dalseth og Rolf Sundal.



Vinmonopolet: Ein utradisjonell plass for korpsmusikk. Her er Øystese Musikkorps, med dirigent Kåre Stokke (t.h.) i sving.



Lokalhistorie: Arve Hjelle (t.v.), Lars Terje Gotteberg og Kjell Gunnar Tennebø i Måløy Musikklag mimra om gamle sildedagar og var kledde som sildegutar.



Skipstunnel: Dagfinn Solheim (f.v.), Karin Vambeseth, Eli Vambeseth, Randi Husevåg, Elisabeth Henriksen, Kari Solheim (Alle foto: Janne Weltzien Listhaug)

Første gong på

Med Stad skipstunnel som tema var Ytre Nordfjord Brass svært nøgde med å delta på Stormfestivalen i Vågsøy for aller første gong.



Janne Weltzien Listhaug
janne.weltzien.listhaug@ft.no
920 91 229

– Det var litt synd at vi bare var 30 prosent av korpset som stilte. Neste gong håpar vi å stille med korps slik at vi kan vere med å spele litt også, smiler Karin Vambeseth i Ytre Nordfjord Brass.

Korpset hennar hadde valt temaet Stad skipstunnel til festivalen.

– Stad skipstunnel har vore i media i mange år og endeleg kom det ei løysing, seier Vambeseth.

Høner og julenissar

Om ein var i Måløy laurdag kunne ein vere heldig å oppleve ei salig blanding av 13 fargerike korps (og eitt kor) som spelte og marsjerte rundt i Gate 1. Til fornøyelse for publikum var det mellom anna spelende høner, julenissar, bønder og korps i barokkostyme og pyjamasar. Korpsa hadde fått lov til å spele nesten kor dei måtte ønske i gata som var stengd for trafikk i ein time. Øystese Musikkorps tok like gjerne turen innom polet.

– Vi kunne gjerne gå inn på butik-

kar, så då fann vi ut at vi måtte det, seier spelende dirigent Kåre Stokke i Øystese Musikklag, som også var på Stormfestivalen for første gong.

– Vi syntest det var ein festival som passa oss, lett, ledig og uformell. Det er ikkje utenkeleg at vi kjem igjen, smiler han.

Ein ekte Sildagut

Måløy Musikklag stilte i regnkledde, støvlar, sydvestar, tjukkegenserar og med fersk sild. Sildaguten (ei statue i sentrumsparken i Måløy til ære for fiskarar, journ. anm.) var tema.

– Dette er lokalhistorie. Og dette er ein av dei opphavlege sildagutane, seier leiar Kjell Gunnar Tennebø i Måløy Musikklag og peikar på Arve



heim, Heidi Støylen og Kurt Ødegård var glade for å vere med på Stormfestivalen i Vågsøy for første gong i helga.

Stormfestivalen

Hjelle.

– Vi kjøpte aldri sild, vi knabba, ler Lars Terje Gotteberg.

Dei fortel at dei samla streng frå ein butikk i Gate 1 og sneik seg om bord i båtane som låg til kai i Måløy. Nokre gongar skulle båtane vidare til Vågsvåg.

– Mange gongar rakk vi å ikkje komme oss på land igjen før dei skulle til Vågsvåg, ler dei.

– Så for vi rundt med sildehonken til folk og selde ei full silkehonk for 1 kroner, fortel Arve Hjelle.

Dei var svært nøgde med festivalen.

– Det er eit prisverdig initiativ og det er mykje arbeid bak, seier Tennebø om festivalen.

Rorbust

Karnevalsfesten enda etter kvart på Torget.

– Det er ein sprudlande og fargerik flokk. Og dette er ein veldig sosial festival, seier Johan Einar Wåge, som er leiar for arrangøren Torskangerpoll Musikklag.

Litt endringar var i det i år i forhold til tidlegare festivalar som har blitt arrangert kvart tredje år sidan 1990.

– Innmarsjen var litt annleis og korpsa fekk gå litt meir i kaos i gata, smiler Wåge.

Etter at korpsa var ferdige på Torget, bar det til Torskangerpollen for aktivitetar resten av dagen.

– Det er rorbust som er høgde-

punktet på festivalen. Då er det fisketurar med sjarkar, speling, eting, stormstafett, trubadur på Vikabu og mykje aktivitet, fortel Wåge, som legg til at dei er godt nøgde med tallet på korps på festivalen.

– Vi har vore mindre og vi har vore meir. Vi kan ta opp i mot 20 korps.

Etter at korps og kor hadde pakke saman søndag etter at vertskorpset Torskangerpoll Musikklag hadde hatt konsert, kunne Wåge fortelje at dei aldri har fått så mykje skryt før.

– Både når det gjeld logistikk, mat og underhaldning. Vi hadde Elvis (Isak Søraa) og Vassverkgutane, så det var kortreist og veldig bra, seier Johan Einar Wåge.



Johan Einar Wåge



God jul: Ingrid Hodder (f.v.), Sondre Viddal, Eivind Hodder, Lisbeth Skjønberg, Merethe Cromer og Kristin Sudmann var nissane frå Nørøy Ungdomskorps i Ålesund.



Fargerikt: Gossen Musikkorps i barokkinspirerte antrekk og sminke sikra dei ein andreplass i kostymekonkurransen.



Høner: – Det er kjempeartig å vere her, smiler Anne Nerten, utnemnd til sjefshøne i Raufoss Musikkorps.

Hønene kakla seg til siger

Det var ein gjeng høner frå Raufoss som gjorde det aller best i konkurransen om beste kostyme.

– Det var for originaliteten deira. Det var gjennomført og det låg mykje arbeid i kostyma. Dei spelte også *Pål sine høner* ofte, sang og klukka og var veldig aktive i forhold til kostyme dei hadde valt, seier Johan Einar Wåge.

Raufoss er det korpset som hadde reist lengst for å vere med på festivalen og har vore med alle

åra. Det var tre uavhengige dommarar som laurdag under karnevalsfesten i sentrum for å bedømme korpsa.

Andrelassen gjekk til Gossen for deira barokkcostyme.

– Dei spelte også ein god del Mozart og antrekk og kostyme harmoniserte derfor. Det var flotte parykkar og drakter, seier han.

Tredjeplassen gjekk til Nørøy Ungdomskorps for sine nissedrakter.